her. Ikke minst krigen i Syria og IS operasjoner i Irak har i det siste bidratt til en kraftig økning. Det europeiske svaret på ropet om fred og trygghet fra vanlige mennesker på flukt har så langt vært å bygge opp en mur mot flyktningene langs Europas yttergrenser ved Middelhavet. Norge er i praksis en del av denne muren, som desperate mennesker i nød prøver å komme forbi. Bare i 2014 har ca. 3000 flyktninger omkommet under sin farefulle ferd over Middelhavet.

Bevoktningen av yttergrensene styres av Frontex – et EU-organ som har ansvaret for samordning av EU-landenes kontroll og overvåking av sine grenser mot ikke-EU-land. Her er Norge assosiert medlem. Vi er også med på Schengen-avtalen, som erstatter grensekontroll innad i EU/Europa med yttergrensekontroll. Norge bidrar med så vel økonomiske som menneskelige ressurser til å styrke Europas sørlige yttergrense gjennom vår deltakelse i Frontex og Schengen.

De siste 14 dagene har det blitt gjennomført en felleseuropeisk aksjon for å avsløre ulovlige opphold gjennom vilkårlige kontroller, både i det offentlige rom og i privatboliger – Mos Maiorum. Norske myndigheter har så langt ikke villet opplyse om Norge deltar i denne. Fra 1. november iverksettes Frontex-aksjonen «Triton» i Middelhavet med et budsjett på 3 millioner Euro pr. mnd. Det foreligger ingen informasjon om Norges bidrag til denne aksjonen.

Nei til EU krever åpenhet om Norges bidrag til Mos Maiorum og andre EU-aksjoner rettet mot flyktninger som prøver å komme inn i EU og Schengen-området. Det er først når opinionen får informasjon at det er mulig å gjennomføre en demokratisk debatt om hva Norge deltar i, og om det er dette vi som velgere og borgere ønsker.

Nei til EU mener at omfanget av kontroll, overvåking og avvisning av flyktninger innenfor Schengen-regimet reiser mange moralske og politiske dilemmaer. Vi krever en full gjennomgang og evaluering av Schengen-avtalen.

***Kari Engebretsen**, leder*
*Nei til EU Oppland*

brannet oppstår oftest i ekstremværsituasjoner og krever massiv innsats. Sikring og beredskap av våre 180 tette trehusmiljøer og 28 stavkirker trenger derfor et felles løft. Mister vi dem, mister vi vår historie, og steder som betyr mye for folks identitet i hverdag og høytider.

beredskapsplaner, fredede eller verneverdige eiendommer, og som ønsker å være med på et spleiselag. Sammen skal vi sikre at kulturminnene er til nytte og til glede for både nåværende og kommende generasjoner.

***Eirik Milde**,*
*stortingsrepr. (H)*



**TRYGGERE:** Mer penger fra staten skal sikre flere fredede bygg mot brann. Illustrasjonsfoto

# Fonetisk bytur

**Høgskolen i Hedmark samla nettopp lærarar og forskarar frå mange europeiske land til ein konferanse om nettbasert læring og morgondagens undervisning. Eg valde då å ta deltakarane med på ein annleis bytur.**

Eitt av arrangementa i samband med konferansen var ein tur til Stortorget og kulturhuset. På det engelske programmet stod det «city tour», noko som vi på norsk kunne ha kalla «bytur». Det faglege føredraget mitt på konferansen handla om at fleire og fleire store utdanningsinstitusjonar legg ut undervisninga på nett. Det vil seie at ein gjer kursinnhaldet tilgjengeleg, mens det som studentane får av utdanningsinstitusjonen, først og fremst er rettleiing knytt til førelesingane – i den grad ein føler behov for det.

Denne måten å organisere kurs på frigjer ressursar og gjer det mogleg å utdanne mange fleire studentar. Det kan då nemnast at det som regel også er ein del fråfall på slike kurs, nettopp på grunn av den manglande sosiale dimensjonen ved nettbasert læring.

Eg har drive med nettbasert undervisning i lang tid, og det finst mange positive sider ved denne undervisningsforma. Men det er ikkje alle fag som eignar seg like godt som reine nettbaserte kurs utan personleg rettleiing.

Mange har kanskje prøvd språkkurs på kassett, CD eller via Internett. Det fungerer eigentleg ganske bra til ein viss grad. Ein kan lese, lytte, sjå bilete og film og til og med gjere eigne opptak i dag, men kva skal ein gjere dersom ein ikkje høyrer dei lydane som faktisk blir uttalte?

Eg introduserte ordet «bytur» for dei europeiske konferansedeltakarane, og min påstand var at ingen av dei ville klare å uttale ordet riktig, bortsett frå dei norske deltakarane. Nokon ville kanskje kunne uttale u-en, men ingen ville få til y-en.

Dette var først ei stor overraskING – til og med for dei som var norske , som ikkje hadde vore bevisste på dette problemet, og det førde til mange artige lydar og andletsvridingar i auditoriet. Temaet var så spennande at deltakarane diskuterte lydar og læring til langt ut på natta etter konferansemiddagen.

Kva er så poenget med dette? Poenget er at det ikkje alltid er nok å ha all informasjonen liggjande framfor seg. Det er ikkje nok å ha Internett. Det er ikkje nok at all kunnskapen ligg der og ventar. Ein må også vere bevisst på kva som er relevant, og kva ein faktisk ikkje kan. Tysktalande vil til dømes som regel aldri oppdage, dvs. høyre, at dei ikkje uttaler y-en korrekt, dersom dei ikkje blir gjort merksame på at y-en er ein lyd som ikkje finst i tysk. Derfor vil ein heller ikkje gjere ein innsats for å lære den nye lyden, og ein stagnerer i læringa.

Dette er éin av mange grunnar til at vi treng lærarar. Læraren er den som kan gjere deg bevisst på at du kan mindre enn du trur, og som kan hjelpe deg å fylle kunnskapsholet. Lita tue kan velte stort lass, og ein liten y kan få oss til å skjønne at norsk skil seg frå mange andre språk. No har du kanskje fått inspirasjon til ein ny selskapsleik neste gong du har besøk frå utlandet?

***Jens Haugan**,*
*Høgskolen i Hedmark*

> Jeg mener personlig at å være hjemme fra arbeid når man er voksen fordi man har influensa, feber, vondt i hodet eller har en lungebetennelse eller bihulebetennelse, er betenkelig.

***Steinar J. Olsen**, Stormberg-eier*

en til